

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres ref.: 202406970

Vår ref.: [1052-2046667144-68742](#)

Dato: 07.03.2025

Eviny Fornybar AS sine kommentarer til høringsuttalelser i forbindelse med konsesjonspliktvrdering for opprusting og utvidelse av Ulvik (II) kraftverk.

Eviny Fornybar AS sin førespurnad om konsesjonspliktvrdering i forbindelse med økt effekt i Ulvik (II) kraftverk ble sendt på avgrensa høyring med høringsfrist 02.12.2024.

Høringsuttalelser som er lagt ut på NVEs nettsider ([Konsesjonssak - NVE](#)) er kommentert i teksten under.

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Administrativt svar frå Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet til høyring på førespurnad om konsesjonspliktvrdering for auka effekt og slukeevne ved Ulvik (II) kraftverk. Sekretær vurderer at da tiltaket ligger utanfor villreinområdet, og endringa vil ha liten betydning for villrein. Saka vil derfor ikkje handsamast i villreinnemnda.

Eviny Fornybar har ingen kommentar.

Statsforvalteren i Vestland

Statsforvalteren i Vestland sakne vassføringsestimat som kan vise korleis vassføringa i Tysso vert endra. I Tysso er det registrert ei viktig bekkekløft og bergvegg, BN00069118 Tysso, altså ein fuktkrevjande naturtype, og det er registrert mellom anna skorpefylltav og raudsildre, begge raudlista i kategori nær truga (NT), og fleire fuktkrevjande artar. Lokaliteten er vurdert etter registreringar hausten 2009, og bør dermed kartleggjast og vurderast på nytt ut frå gjeldande metodikk. Statsforvalteren i Vestland viser til at ein ny raudlisteart (raudsildre) blei påvist i 2021, og at det har skjedd endringar i norsk raudliste for artar sidan kartlegginga i 2009. Det er ei anadrom strekning i Tysso på om lag 350 meter opp til utløpet av Ulvik I kraftverk. Strekninga ovanfor kraftverket har vanlegvis lite vatn, men i periodar med høg vassføring kan anadrom fisk vandre opp til eit endeleg vandringshinder om lag 150 meter lenger opp i elva. Statsforvalteren i Vestland legg til grunn at elva i alle fall har førekomst av sjøaure, og det bør vurderast om slukeevneauka kan påverke bestanden negativt.


Eviny Fornybar sine kommentar.

Det er i dag relativt sjeldan overløp frå Solsævatnet. Tabell 1 syner år og mengda vatn som gjekk i overløp i Solsævatnet i perioden frå 2009 til 2025. I løpet av dei 16 åra er det 7 år utan overløp. Grafane vist på figur 1, 2 og 3 syner overløp ved vått, middels og tørt år.


Med auka slukeevne vil talet på dagar med overløp bli ytterlegare redusert. I kva grad dette vil påverke anadrom sone ovanfor Ulvik (I) eller dei biologiske artane i bekkekløfta er vurdert som liten/ingen, då eventuelt overløp i Solsævatnet vil skje samtidig som det er stort tilsig i frå dei uregulerte felta ved Espelandsvatnet og omegn.

	Mm3/år
2009	0,2
2010	0,0
2011	19,1
2012	4,8
2013	0,0
2014	0,0
2015	2,1
2016	2,4
2017	0,0
2018	15,6
2019	0,0
2020	8,4
2021	0,0
2022	3,8
2023	4,7
2024	3,1
2025	0,0

Tabell 1. År og mengda vatn som går i overløp i perioden 2009 – 2025.



Figur 1. Overløp [m3/s] frå Solsævatnet i eit vått år.



Figur 2. Overløp [m³/s] i eit middels år.

Figur 3. Overløp [m³/s] i eit tørt år.

Ulvik Herad

Framlegg til vedtak: Ulvik herad tek søknaden til orientering. Tiltaket skal ikkje medfører forureining eller annan skade på kommunal og privat vassforsyninga frå Solsævatnet, ei heller problem med erosjon i strandsona ved fjorden. Ulvik vatningslag bør høyrast i saken. Tiltaket må ta omsyn til, og sikre fredeleg sameksistens med, Prestekaia småbåthamn og badeplass. Mogelege konsekvensar for Ulvikpollen naturreservat og eventuell flytting av utløp til djupare vatn må vurderast.

Eviny Fornybar har fått tilbakemelding frå NVE om at Ulvik vatningslag har fått moglegheit til å uttale seg i saken. Til informasjon er både Ulvik vatningslag og styrerepresentant frå småbåthavna blitt kontakta før konsesjonspliktsvurdering vart sendt.

Fiskeridirektoratet

I området denne saka gjeld, har Havforskningsinstituttet registrert eit lokalt viktig gytefelt for kysttorsk der det er noko egg og stor retensjon av egg.

Fiskeridirektoratet ber om at gytefeltet for kysttorsk vert tatt med i vurderinga av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk.

Eviny Fornybar sine kommentar.

Utløpet består av ein dykka kulvert med dim 2.0 x 2.0 meter (innvendig). Botn av avløpskulverten ligg på kote -3,5. Middel høgvatn ligg på kote 0.29, og middel lågvatn ligg på kote -0.43. Nivå er referert til NN2000. Avløpet ligg om lag 2 meter frå land.



Ein eventuell endring på det marine miljø vil vere liten i forhold til dagens situasjon.

For Eviny Fornybar AS

DocuSigned by:

Svenn H. Rognås

07 March 2025

Svenn Rognås

Divisjonsleder anleggsforvalter

DocuSigned by:

Erlend Tveiterås

D5AF7164FB4449C...

07 March 2025

Erlend Tveiterås
Prosjektleder